

MØTEBOK REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: 27. sept 2024

Stad: Operalåven Ål

Desse møtte frå Regionrådet:

Solveig Vestenfor	Ål kommune
Pål Rørby	Hemsedal kommune
Sigrid S. Ilsøy	Hol kommune
Heidi Granli	Gol kommune
Anne Kari Eriksen	Nesbyen kommune
Tor Egil Buøen	Flå kommune

Desse møtte frå KRU:

Ole Johnny Stavn	Hol kommune
Odd Egil Stavn	Flå kommune
Hege Mørk	Gol kommune

Desse møtte frå Buskerud fylkeskommune.

Iselin Haugo Stavn (H)
Hilde Aarø (adm)

Desse møtte frå administrasjonen:

Jan Olav Helling, dagleg leiar
Guro Flatland Veslehaug, Klimakoordinator
Annette Flaten, prosjektleiar sirkulærøkonomi

Møtte ikkje:

Karsten Dideriksen	Ål kommune
Bjarte Reve	Hemsedal kommune
Bente R Herdlevær	Nesbyen kommune
Anders Wengen	Buskerud fylkeskommune (V)

SAK 60/24 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 6. SEPT 2024**Vedtak:**

Protokollen frå møte 6. sept. 2024 er godkjent.

SAK 61/24 FELLES KLIMAPLAN FOR HALLINGDAL**Vedtak:**

Regionrådet sender klimaplanen vidare til Hallingtinget med dei endringane som kom fram i møtet. Saka til Hallingtinget må vera tydeleg på kva som skal vera vedtakspunkt og kva er mogelege tiltak for kommunane.

SAK 62/24 BUDSJETT FOR REGIONRÅDET FOR 2025 OG ØKONOMIPLAN 2025 – 2028**Vedtak:**

1. Hallingtinget gjer framlegg om at kommunane vedtek følgande forslag til finansiering av regionalt arbeid:
 - a. driftsbudsjettet 2025 for Regionrådet, med ei kommunal finansiering på kr. 2 970 000
 - b. gjennomføring av tiltak i strategisk plan med ei kommunal finansiering på kr. 900 000Totalt er det framlegg om kommunal finansiering på kr. 3 870 000 som er ei auke for kommunane med 1,84%
2. Hallingtinget rår til at Regionrådet sitt disposisjonsfond blir ståande på kr. 637 493000 for 2025 og at ein går attende til vedtak på kr. 800.000 frå og med budsjettåret 2026.
3. Hallingtinget rår til at Regionrådet kan nytte inntil kr. 315.000 pr. år av disposisjonsfondet, til aktuelle tiltak som ikkje er budsjettet.
4. Hallingtinget rår til at det frå disposisjonsfondet kan nyttast inntil kr. 315.000 til interkommunale tiltak, der det ikkje er sett av midlar, men der kommunane er positive til deltaking. Føresetnaden er positive vedtak i den einskilde kommune.
5. Hallingtinget vedtek forslag til økonomiplan 2025 – 2028.

SAK 63/24 BUDSJETT FOR HALLINGDAL ETABLERERSENTER FOR 2025**Vedtak:**

Regionrådet rår Hallingtinget til å gjera framlegg om at kommunane vedtek driftsbudsjett for Hallingdal etablerersenter for 2025, med ei kommunal finansiering på kr. 1083 000

SAK 64/24 STRATEGISK PLAN VIDARE FRAMDRIFT**Vedtak**

Regionrådet rår Hallingtinget til å vedta Strategisk Plan Hallingdal med dei endringane som kom fram i møte.

SAK 65/24 FINANSIERING AV KI-LAB**Vedtak:**

1. Regionrådet støtter arbeidet med å få på plass rundt 2 på KI lab i Hemsedal og ber kommunane bli med på finansieringa av inntil 3 deltakarar frå kvar kommune, med ein kostnad på inntil 55 000 pr. deltakar.
2. Regionrådet ber administrasjonen og KI laben samstundes jobbe vidare med kostnadssida og ekstern finansiering for å redusere dei kommunale utgiftene.

SAK 66/24 FELLES FORLIKSRAÐ I HALLINGDAL**Vedtak:**

Regionrådet vil rå kommunane i Hallingdal til å gjera slikt vedtak:

- a. Det blir oppretta eit felles forliksråd for kommunane Hol, Ål, Gol, Hemsedal, Nesbyen, Flå. Det nye forliksrådet får namnet Hallingdal forliksråd.
- b. Felles forliksråd skal tre i kraft frå 1.1.2025
- c. Forliksrådet skal ha 3 lekdommarar og 3 varamedlemmer. Rådet skal ha brei geografisk representasjon og kontinuitet skal takast omsyn til. Kvar kommune nominerer to representantar til Hallingdal forliksråd, ein av kvart kjønn. Av desse representantane, vel Regionrådet 3 lekdommarar og 3 varamedlemmer, samt leiar/nestleiar. Samansetninga må vedtakast i kvart kommunestyre. Kvar kommune vel i tillegg ein møtefullmektig.
- d. Leiarvervet skal rullere mellom kommunane.
- e. Sekretariatet blir lagt til Gol og betjent av Hallingdal lensmannskontor, som i dag.

SAK 67/24 VAL AV MEDLEMMER TIL FELLES FORLIKSRAÐ 2025 – 2028**Vedtak:**

Regionrådet vel følgjande 3 personar som representantar/lekdommarar til Hallingdal forliksråd 2025- 2028:

1. Nils Røkkum - Flå
2. Sidsel Fjørtoft - Hol
3. Ida Marie Holen - Ål

Regionrådet vel følgjande 3 personar som varamedlemmer til Hallingdal forliksråd 2025- 2028:

1. vara, Torbjørn Aalton - Nesbyen
2. vara, Ragnhild Halbjørhus - Hemsedal
3. vara, Åse Berit Lio - Gol

Regionrådet vel følgjande personar som leiar og nestleiar i Hallingdal forliksråd 2025- 2028:

Leiar: Nils Røkkum - Flå

Nestleiar: Sidsel Fjørtoft - Hol

SAK 68/24 ORIENTERING OM SIRKULÆRØKONOMIPROSJEKTET

Annette Flaten orienterte om sirkulærøkonomiprojektet, sjå vedlegg

SAK 69/24 EVALUERING AV VALDRESTUR – LÆRINGSPUNKT

Saka vart utsett

SAK 70/24 DRØFTING AV AVTALE MED RADIO HALLINGDAL

Saka vart drøfta. Regionrådet tek saka opp att når noverande avtale med Radio Hallingdal går ut i 2025.

SAK 71/24 EVENTUELT**Hallingting i okt.**

Klimaplan

Strategisk plan

Bulystprosjektet

Budsjett for Regionråd

Budsjett for Hallingdal etablerarteneste

LVK v/Jan Rolf Næss

Politiråd

Handlingsplan for samferdsel

Fokus på samarbeid

Arrangementsturisme i regi av Visit Geilo

Sigrid Ilsøy informerte om eit initiativ frå Visit Geilo om å få store skiskyttararrangement til Geilo. Regionrådet er positive til å høyre meir om dette ved eit seinare høve.

Hallingdal pride.

Det blir ikkje arrangement på Gol denne hausten, men det blir regnbogemesse i Ål kyrkje.

Hallingdal 30. sept 2024

Jan Olav Helling

Dagleg leiar